

MELDING  
om  
FISKERIBIOLOGISKE GRANSKINGAR  
i  
ROGALAND  
19 69

Navnet på vatnet ..... Svartavatnet  
Kommune ..... Bjerkreim

Feltarbeidet, vidare arbeid med  
materialet og skriving av meld-  
inga er utført av Rogaland Skog-  
selskap ved E. Berg, etter retnings-  
liner og i nært samarbeid med  
Konsulenten for ferskvannsfiske i  
Vest-Norge, herr Øivind Vasshaug.

## S V A R T A V A T N E T.

Vatnet ligg i Bjerkreim kommune, på nordsida av vegen til hyttebyen på Tjørn, og sør-vest for Glupefjellet og Ørnanipen i ei høgd av 278 m.o.h.

Storparten av vatnet er langstrakt og smalt, men på austsida breier det seg ut og dannar mest som eit eige basseng her.

Den totale lengden er ca. 1300 m og bredde ca. 150 m med eit areal på omlag 24 ha.

Stort sett er det eit grunt vatn og har i den venstre delen neppe djupna over ca. 10,0 m utan at dette er målt. I den austre delen må ein anta der er vesentleg djupare.

Stranda består for det meste av stein, men med noko grus og sandstrand ved innfallsosane. Grunnfjellet støyter fleire stader like til vatnet.

Botntilhøva er jørme med innslag av grus og sand.

### Vegetasjon og nedslagsfelt.

Botngras, brasmebras, moser og alger utgjer vegetasjonen frå stranda og ut mot djupet. Elles vil ein finna ei kraftig sivvokster ved innsnevringa mellom vestre og austre del av vatnet der bekken frå Sjursmyr fell inn.

Nedslagsfeltet femner om dyrka mark, kulturbete, myr, vassjuk mark og høgfjell. Der veks ein del bjørkeskog i nedslagsfeltet med reslyng, tyttebær- og blåbærlyng, vier, pors m.v. som undervegetasjon. Der den dyrka marka støyter til vatnet vil ein finna ymse meir kravfulle planter.

Bergartane i nedslagsfeltet sor ut til å vera fylittskifer, gneis og granitt.

Hovudtilsiga kjem frå Syltrotjerni og Pauladalen i sør og frå Sjursmyr i aust. Elles kan nemnast eit større bekketilsig frå ei tjørn på nordsida.

Avlaupet renn ut i vest og går om eit mindre vatn ut i Ørsdalsvatnet og vidare ut i Bjerkreimsvassdraget.

Normalt er gjennomstøyminga ikkje særlig stor.

### Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 6,5 m og vassfargen brunleg-gul som indikerar påverknad av humus.

Surheita pH vart målt to stader og synte same resultat 6,4

vart tekon på det eine garnet av omf. 32 og cm-klasseinndelinga fortel at bortimot 30 % av fisken vi fekk er av storleiken 17-21cm.

Vi kan slå fast at småfisken fullstendig dominerer vatnet og dei større fiskane er mangelvare.

Ser vi på vekstkurven syner denne at normalkurven blir kryssa ved 3-4 års alder. Om tilhøva var gode ville ikkje normalkurven blitt kryssa før ved 5-6 års alder og det ville gitt ein heilt annan fiskekvalitet.

Planktonprøvene våre var relativt rike- og det er viktig - sjølv om det er botndyra som reknast å vera den viktigaste fiskefeda for auren.

Når botnprøvene gav eit såpass godt resultat kjem det sansynlegvis av at konkurransen fiskane imellom er så stor at fisken har meir interessa for sine artsfeller enn den har for mat. (stress)

Gytetilhøva er særskilt gode såvel i avlaups-som tilsigsbekker og dette fører til store årskull med yngel og småfisk inn i vatnet. Då vi veit at vatnet sin bærekunne er nådd for lang tid tilbake, må ein rekne med ytterlegare vekststagnasjon og kvalitetsforringing i åra framover om ikkje noko drastisk blir gjort for å rette på sakene.


Svartavatnet er eit altfor godt vatn til å ha liggjande slik som idag, så dei tiltaka som er peika på nedanfor må snarast setjast ut i livet.

#### Praktiske tiltak.

Der må snarast mogolog setjast igang ei storstilt oppfisking med småmaska garn.

Kjøp inn minimum 6 garn, 2 stk. av omf. 32 - 2 stk. av omf. 30 og 2 stk. av omf. 28. (Garna kan tingast gjennom underskrivne). Set garna når som helst, men det er særleg om hausten når nattene er mørke og lange, og når fisken går på bekken for å gyte at ein kan få dei store fangstane. Skriv ned antall fanga fiskar etter kvar fangstnatt og hald fram med oppfiskinga inntil samla fisketal syner 10% av det fisketalet ein fekk den første fangstnatta. Då vatnet er såpass lite og oversiktleg trur eg at ein ved å drive dette fisket i 2-3 år vil ha retta mykje på tilhøva. Fiskekvaliteten vil ein allereie etter eit par år merka forskjell på.

Ein annan ting som her kan koma på tale er i tillegg å bruke giftstoffet "rotenon" i den tilsigsbekken som kjem frå Syltretjern. Dette stoffet er ufarleg for menneske og dyr, men eit effektivt middel til utrydding av yngel og småfisk f.eks. i tilsigs- og avlaupsbekker. Underskrivne vil i såfall vera hjelsam med utføringa av dette arbeidet og ordna med innkjøp m.v.



#### Konklusjon.

Ut frå dei foretakne provene må vatnet karakterisert som litt under middels næringsrikt og sterkt overbefolka.


Det er nedslagsfeltet som i stor mon er avgjerrande for nærings-tilgangen i eit vatn og når dette vatnet grensar mot dyrka mark, kulturbeteier m.v. vil tilsigje horfrå føre mykje næringsstoff med seg og som kjem vatnet tilgode. Dette er hovudårsaka til at tilhsva er så gode som dei er i Svartavatnet.

Ser vi på fiskan, syner denne ein relativt bra kondisjonsfaktor, men då vi veit at småfisken som regel alltid har høgare K-faktor enn større fisk, er det her årsaka til  $K = 0.96$  ligg. Dei litt større fiskane vi fekk har K-faktor like ned i 0.82 som tilsvarar særsmagor fisk, men desse er få og blir borte i modelet.

Omfarfordelinga syner at bortimot 70% av heile fangston vi fekk

for fisken i vatnet.

Fordeler vi heile fangston på cm-klassar vil ei grafisk framstilling sjå slik ut:



På neste side har vi sett opp ein vekstkurve for fisken i Svartavatnet og samanlikna med normalkurven for Vestlandet (5 cm pr. år).

Som vi her vil sjå har fisken i Svartavatnet eit nokonlunde normalt vekstforlaup inntil 3 års alder, men her stagnerer veksten og gir grunnlag for eit småvaksse bestand.

Vekststagnasjonen her vil nok kanskje for ein del skriva seg frå kjønnsmogning og gyting, som stort sett etter fiskekjømact inntrer ved denne alder, men ikkje berre det. Oppsvinget som kurven får det 6. og 7. året kan ein sjå bort frå.


Eg trur vi kan slå fast at veksten stagnar etter 5-års alder og maksimallengda vil her ligga på omlag 22 cm.

Dette høyrer ingen stad heime i eit såpass næringsrikt og produktivt vatn som Svartevatnet ser ut til å vera.

### Fisk.

Auren er einråande i vatnet.

Det vart sett ut sju garn av ymse maskestørloik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 73 surar som deler seg slik på omfang:



Det vart teke prover av 26 fiskar og av desse var 3 stk. lys røde - resten kvite i fiskekjøttet.

7 stk. var hofiskar og 19 stk. hannfiskar - ei noko skoiv kjønnsfordeling.

Ein fann parasittar i 4 stk. av provefiskane.

Medel fyllingsgrad 1.6.

5 stk. av fiskane var tomo i magesekken.

Tek vi for oss heile fangsten vil medelvækta liggja på 69.4 gram og medellengda 19.25 cm.

Ser vi på medeltilveksten og den årlege lengdetilveksten for auren vil dette gå fram av oppstillinga nedenfor.

	Alder ved vinter						
	1år	2år	3år	4år	5år	6år	7år
Medeltilvekst i cm	4.8	10.6	14.7	17.0	20.1	27.4	30.4
Årlig lengdetilv. i cm	4.8	5.8	4.1	3.1	2.3	7.3	3.0
Antall fiskar	26	26	23	20	7	1	1

Medel kondisjonsfaktor 0.95.

Då det 6. og 7. året berre utgjer 1 fisk, som alt frå 1.år av låg godt over dei andre, er ikkje dei 2 siste åra representative

som er bra for aure.

Innhaldet av kalk ( $\text{CaCO}_3$ ) er 2.1 mg/l og den totale hardhøita 6.8 mg/l. Vatnet må såleis karakterisert som kalkfattig, men likevel ikkje så aller verst i høve til andre analyserte vann.

$$\text{Leiingsemna } K_{18} = 33.8 \times 10^{-6} \text{ ohm}^{-1} \text{ cm}^{-1}.$$

#### Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprover på 2.0, 5.0, og 10.0 m djup og ein kom fram til følgjande resultat:

På 2.0 m vart det funne 15 stk. fjærmyggelarver, 6 stk. muslingar, 4 stk. vårfuglarver - tilsvarende 250 individ pr.  $\text{m}^2$ .

5.0 meteren gav som resultat 27 stk fjærrmyggelarver, 3 stk. iglar, 12 stk. muslingar, 5 stk. fåbørstemark, 1 stk. døgnfluge-larve og 2 stk. vårfuglarver - i alt 500 individ pr.  $\text{m}^2$ .

På 10.0 m fann ein 9 stk. fåbørstemark, 18 stk. fjærmyggelarver 11 stk. muslingar, 2 stk. vannmidd og 1 stk. igle - i alt 410 individ pr.  $\text{m}^2$ .

Samla resultat syner i underkant av modells med botndyr, men resultatet må seiast å vera forbausande godt i eit så overbefolka vatn og i høve til det ein har funne i andre analyserte vann.

For å få greie på kva fiskon eigentlig ernærer seg av på det tidspunkt vi var der tok vi mageprover av 4 fiskar og her vart det funne vårfuglarver, linsekreps, planktoniske krops, vannkalvlarver, fjærmyggelarver og pupper, muslingar og maur.

Vårfuglarvene var i dominans.

#### Fjæreplukk.

Ein del steinar i avlaupselva og langs strandkanten vart noye granska og det syntes seg å vera store mengder vårfuglarver og børstemark på desse.

#### Planktonprøver.

Det vart teke både horisontale og vertikale planktontrekk, med planktonhov, og resultatet: Ca. 50.0 m hor. trekk relativt rikt med *Holopodium gibberum* (indikerar liten leiingsemne) og hoppekreps. 10.0 m vert. trekk relativt rik prøve av dei same artene.

Tiltak utover dette vil og ikkje tilrå. Eg føler meg viss om at Svartevatnet på litt lengere sikt vil bli eit ettertrakta fiskevatn og då særleg p.g.a. den hyttebyen som har vaks opp i nærleiken av vatnet. Grunneigarane må her kunne gjera mykje ut av vatnet ved sal av fiskekort til hyttefolket.

Tiltaka må setjast i gang så snart som råd og kan underskrivne vera til nokon hjelp er det berre å sei frå. Etter 3-4 år kan vi ta eit nytt prøvefiske for å sjå korleis tiltaka har verka.  
Lukke til.

Stavanger i februar 1970

Einar Borg